

Fra: Amble, Anne Marte[Anne.Marte.Amble@dovre.kommune.no]

Sendt: 28.08.2024 21:19:45

Til: Post Innlandetfylke[post@innlandetfylke.no]

Kopi: Vorkinn, Magne[Magne.Vorkinn@dovre.kommune.no];Brenden, Marthe

Lyngstad[marthe.brenden@dovre.kommune.no];Nissen,

Halvor[halvor.nissen@dovre.kommune.no];

Tittel: Høyringsvar frå Dovre kommunestyre - Framtidig skule- og tilbudsstruktur i Innlandet

Denne eposten er sendt fra en person utenfor organisasjonen. Ikke klikk på lenker eller åpne vedlegg før du er sikker på hvem avsender er og at innholdet er trygt.

Lagt ved følger høyringsvar om framtidig skule- og tilbudsstruktur i Innlandet frå Dovre kommunestyre. Dette vart einstemmig vedteke av kommunestyret 26. august 2024.

Høyringsvaret er utarbeidd av eit tverrpolitisk arbeidsutval som vart sett ned av kommunestyret i mars 2024. Svaret er eit resultat av grundige konsultasjonar med ungdomar, lærarar og andre aktørar i lokalsamfunnet.

Gode helsingar,

Anne Marte B. Amble

Rådgjevar for kommunikasjon, kultur og idrett

Dovre kommune

Mob. 475 15 829

Vidaregåande skulestruktur.

Tverrpolitisk høyringssvar frå Dovre kommune.

I Dovre har eit tverrpolitisk arbeidsutval som vart sett ned i mars 2024 arbeidd fram eit felles høyringssvar gjennom våren og sommaren. Vårt svar er eit resultat av grundige konsultasjonar med ungdomar, lærarar og andre aktørar i lokalsamfunnet.

Kort oppsummert:

- I. Skulen på Dombås har levert topp kvalitet i over 50 år. Våre initiativ opp gjennom åra for å styrke skulen med fleire tilbod har ikkje fått gehør, og stadige diskusjonar om skulens eksistensgrunnlag har gjort potensielle søkjarar usikre. Opplæringsutvalet si avgjerd om å ikkje setja i gang klasser i haust stenger i praksis skulen før høyringsfristen.
- II. Vi vil sterkt fraråde at Dombås blir lagt ned. Vi er urolege for konsekvensane for elevane som må pendle eller bu på hybel, og for vårt arbeid med å byggje eit attraktivt lokalsamfunn. Som ein kommune i sentralitetsklasse 6, blir Dovre råka ekstra hardt når skulen forsvinn. Vi har få arbeidsplassar av dette slaget.
- III. Det er avgjerande for elevar frå Dovre at studietilbodet på Otta består. Samarbeidsavtalar må på plass med Trøndelag og Møre og Romsdal slik at elevar frå randkommunane i Innlandet kan søkje dit på like vilkår. Hybelbuarar må få dekkja meirutgifter fullt ut, og transporttilbodet må bli betre for å bøte på geografiske ulemper for distriktsungdomen.
- IV. Vi inviterer fylkestinget med på eit offensivt krafttak for ungdom i kommunar som mister skulestaden. Fylkestinget må vedta ei omstillingspakke som skal bøte på negative konsekvensar for samfunnsutviklinga i desse kommunane. Her må kommunar i sentralitetsklasse 6 bli prioritert. Med midlane vil vi gjera Dovre til ein enda meir ungdomsvenleg kommune, med ungdomshus, ungdomskontakt, nyskapande aktivitetstransport og opne tilbod på ettermiddagar og i helgene. Slik skal vi sørge for at ungdomane som no må pendle eller flytte på hybel får like god tilknytning til Dovre kommune, og at nye familiar vil busetja seg her.

1. Kvalitet og trivsel i over 50 år

Dovre kommune er stolt av å huse Nord-Gudbrandsdal vidaregåande skule, avd. Dombås. Sidan oppstarten i 1972 har skulen levert undervisning med sterke resultat, høg trivsel og svært gode gjennomføringstal. Skulen syntte korleis ein kan rasjonalisere drifta med bruk av nettundervisning lenge før pandemien.

I ein liten kommune i utkanten av Innlandet er skulen ein viktig kompetansesarbeidsplass. Dovre ligg i SSB sin sentralitetsklasse 6, den mest sårbare kategorien¹. Vi har få arbeidsplassar av dette slaget. Dei tilsette og elevane er viktige ressursar i lokalsamfunnet.

Med vitnemål frå Dombås har ungdomane gått vidare til høgare utdanning. Ein del har teke med seg kunnskapen heim og fyller i dag sentrale funksjonar i lokalsamfunnet vårt. Med den vidaregåande skulen som arena har ungdom fått danne djupe røter i dei viktige åra frå 16 til

¹ Ein del andre skulestadar på fylkeskommunen si kuttliste ligg i kommunar i klasse 3 og 4.

19. Jo lengre vi kan ha ungdomen vår heime, jo større er sjansen for at dei kan sjå for seg eit liv her etter end utdanning. Vi treng dei for å byggje det gode lokalsamfunnet Innlandsstrategien teiknar opp.

Frustrerende prosess

Dombås blir foreslått lagt ned i alle scenarioa i saksframlegget. Dette vil vi sterkt fraråde. Vi er djupt frustrerte over at fylkesopplæringsutvalet før sommaren kortslutta vår strukturprosess ved å ikkje setja i gang nokon av klassene på Dombås skuleåret 2024/25. Slik stengde dei i praksis dørene midt i høyringsrunden. Vi stiller oss uforståande til påstandar om at dette ikkje skal påverke strukturdebatten.

Opp gjennom åra har vi arbeidd for å utvide og styrke studietilbodet på Dombås med utgangspunkt i våre lokale kvalitetar. Dette har vi ikkje fått gehør for. Vi meiner Dombås har alle føresetnader for å vera attraktiv for mange søkjarar, både i og utanfor Innlandet, viss studiespesialisering blir komplettert med tilbod som:

- Vinteridrett med utspring i det sterke friski- og snowboardmiljøet.
- Yrkes- og studiekompetanse (YSK) i samarbeid med det unike kompetansemiljøet på handverksskulen Hjerleid.
- Fordjuping i natur og miljø med utgangspunkt i høgfjellsøkologien, forvaltinga og kompetansemiljøet på Hjerlenn.

Når skulen i praksis blir stengd før debatten er avslutta, blir det ikkje gjeve rom til å utgreie eit slikt potensial. Dette er svært uheldig.

2. Snever konsekvensutgreiing

Stortinget har gjeve fylkeskommunen ansvar som samfunnsutviklar. I ljøs av dette meiner vi at høyringsdokumenta har for tynt kunnskapsgrunnlag og for snever konsekvensutgreiing.

Saksgrunnlaget gjer ikkje greie for venta innsparing på skulebudsjettet ved å leggje ned på Dombås. Kostnaden ved å betale seg ut av den 25 år lange leigeavtala med Dovre kommune blir avfeia som «sunk costs»². Mange av dei tilsette på Dombås vil framleis stå på fylkeskommunen sine lønningslister ved Nord-Gudbrandsdal vgs. avd. Otta. Auka kostnadar til transport og hybelbuarar er heller ikkje med.

Konsekvensar for elevane

Konsekvensane for elevane er heller ikkje godt nok utgreia. Vi uroar oss for korleis ei nedlegging vil påverke våre ungdomar:

Større avstandar. Å leggje ned skulen på Dombås aukar den geografiske ulempa for våre ungdomar som allereie er vande med å bruke store delar av dagen på å transportere seg til og frå skule, deltidsjobbar og fritidsaktivitetar. Viss Dombås blir lagt ned må alle ungdomar i kommunen belage seg på anten dagpendling (77 km ein veg til Otta for elevar frå Hjerlenn, 45 km for elevar frå Dombås) eller hybelliv. Mange av elevane på Dombås kjem frå Lesja og må reise enda lengre enn dovingane.

Tidsklemme og mental påkjenning. Vi er urolege for at denne geografiske ulempa vil føre til trongare tidsklemme og større mental påkjenning for våre unge. Dei vil få ein meir pressa kvardag enn elevar som har skulen på heimstaden sin. Modne og ressurssterke ungdomar vil handtere den nye kvardagen. Andre vil få det tøft.

² Årleg husleige på om lag 4,3 mill kr.

Økonomiske skilnader. Elevane vi pratar med er urolege for at det vil bli eit økonomisk a- og b-lag blant elevar i Innlandet. Bortebuarstipendet er ikkje stort nok til å dekkje husleiga for alle. For å dekkje andre kostnader er du prisgitt familieøkonomien. Dette strir mot gratisprinsippet i norsk skule og gjev ein ekstra økonomisk byrde til familiar i utkantkommunar. Det blir enkelt sagt urettferdig.

Konsekvensar for samfunnsutviklinga i Dovre

I ljøs av fylkeskommunen sitt ansvar som samfunnsutviklar etterlyser vi ei utgreiing av dei samfunnsøkonomiske konsekvensane det får å leggje ned skulestader.

Skulenedlegging får særleg negative ringverknader i kommunar i sentralitetsklasse 6. Når skulen fell bort, svekkjer det vår evne til å byggje eit berekraftig lokalsamfunn i tråd med Innlandsstrategien. Det trugar med å gjera kommunen mindre attraktiv for ungdomen, og gjer det meir krevjande å trekkje til oss nye innbyggjarar.

Dei tilsette ved skulen på Dombås er viktige i vår kommune. Fleire av dei flytta hit med sin familie, og dei gjer lokalsamfunnet vårt betre både i og etter arbeidstid. Dei som blir overførte til Otta frå i haust får lengre reiseveg. Når Nord-Gudbrandsdal vgs. skal rekruttere nye tilsette er sjansen mindre for at desse buset seg i Dovre. Andre som skal vurdere jobbtilbod i Dovre vil ta med i vurderinga at barna må ut av kommunen for vidaregåande utdanning.

Vi er urolege for dei samfunnsøkonomiske konsekvensane av at ungdomane får færre ledige timar i døgnet. Ungdomane seier at dei får mindre tid til å bidra i frivilligheita eller ta vakter på sjukeheimen når dagane går med til å pendle eller dei må flytte på hybel. Desse konsekvensane kjem ikkje til syne i kunnskapsgrunnlaget.

3. Ei offensiv omstillingspakke

Om fylkestinget vedtek å leggje ned på Dombås, krev vi at det samtidig kjem på plass ei rekke avbøtande tiltak.

Tiltak for elevane


- For elevar frå Dovre er det avgjerande at studietilbodet på Otta består. I 2024 søker 50% av avgangselevane våre seg til studieprogramma på Otta. Dit går det an å dagpendle sjølv om mange av ungdomane må tidleg på bussen og kjem seint heim.
- Vi har òg elevar på Dombås som no søker seg til Lom, og vi har dei siste åra sett ei auke i søknader til Storsteigen.
- Elevar frå randkommunane i Innlandet må få søkje skuleplass i nabofylka på like vilkår som lokale elevar. Samarbeidsavtalar må på plass med Trøndelag og Møre og Romsdal, slik at våre elevar kan koma med i fyrsteopptaket når dei søker seg til t.d. Oppdal og Rauma vgs.
- Med ny struktur må vi gjera ei vurdering av nærskuleprinsippet.
- Bortebuarstipendet må opp. I dag dekkjer det knapt hybel, og elevar er prisgitt familien sin økonomiske situasjon. Dette gjev klare ulemper for elevar frå kommunar utan vgs. Hybelfondet er bra, men storleiken bør evaluerast. Familiar må få hjelp til å finne hybel.
- Transporttilbodet må bli betre. Busstilbodet mellom Dombås og Alvdal bør styrkast. Bortebuande vgs-elevar bør få gratis busskort i Innlandet. I dag blir det store utgifter når dei skal heim i helgene.

- Skulane må leggje timeplanen slik at dei pendlande elevane får minst mogleg venting på buss heim. Pendlande elevar bør få fleksibilitet med tanke på nettundervisning og studiedagar heime.
- Oppfølgingstenesta må få meir ressursar både på skulestader og i heimkommunane for å ta vare på ungdomar som får ein meir belastande kvardag. Når mange fleir må på hybel må innsatsen styrkast kraftig for å sikre ein god overgang mellom ungdomsskulen og vidaregåande. Fylkeskommunen og kommunane må vera forplikta til å ha tett dialog om sårbare elevar i overgangen frå ungdomsskule til vidaregåande. Dette er viktig for å sikre at færrest mogleg fell utanfor i denne sårbare fasen.

Tiltak i lokalsamfunnet

- Kommunar i sentralitetsklasse 6 som mistar ein skulestad må få ekstra omstillingsmidlar. For desse kommunane, med få kompetansearbeidsplassar og låg tilflytting, får ei nedlegging potensielt større samfunnsmessige konsekvensar.
- Befolkningsutviklinga tvingar oss i dag til å prioritere ressursar til helse og eldreomsorg. Stilt overfor ei skulenedlegging som vil forsterke dei demografiske trendane vi prøver å bremse, treng vi ekstra omstillingsmidlar til ei offensiv satsing på ungdomen.
- Vi utfordrar dykk til å bli med på ei ungdomssatsing som styrkar lokalsamfunnet og kan skape arbeidsplassar. Vi vil ha støtte til å etablere ungdomshus som etterlengta møtestad på fritid og i helger, tilsetja ungdomskontakt, utvide aktivitetstilbodet på ettermiddagar og i helgene (t.d. svømmehall). Vi ynskjer òg å prøve ut nyskapande transportløyisingar til fritidsaktivitetar for å redusere påkjenninga for unge og foreldre som må skyssje over store avstandar.
- Desse tiltaka vil gje ungdomen vår positiv fritid, auka livskvalitet og djupare røter i Dovre sjølv om dei må pendle eller flytte på hybel. Slik vil vi styrke deira mentale helse og auke sjansen for at dei kjem att etter end utdanning. Dette vil òg gjera kommunen vår meir attraktiv for potensielle tilflyttarar.

Vedlegg: Nedlegging og sentralitetsklasser



Skulestad	Kommune	Sentralitetsklasse
Skarnes	Sør-Odal	3
Nordstumboen	Stor-Elvdal	6
Dombås	Dovre	6
Lom	Lom	6
Flisa	Åsnes	5
Sønsterud	Åsnes	5
Dokka	Nordre Land	4
Trysil	Trysil	5
Gausdal	Gausdal	4